

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 20.09.18
SAKSHANDSAMAR: Kari Ugland
SAKA GJELD: **Partnerskapsavtale for folkehelse**

STYRESAK: **59/18**

STYREMØTE: **27.09.18**

2 vedlegg

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Fonna HF sluttar seg til dei endringane som er gjort i revisjon av partnerskapsavtale for folkehelse med Rogaland fylkeskommune
2. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å signere avtalen etter styregodkjenning

Bakgrunn for saka

Folkehelseloven gir fylkeskommunen ansvar for å fremje folkehelse gjennom regional utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting, og tiltak som kan møte folkehelseutfordringar i fylket. Rogaland fylkeskommune vedtok i 2006 å satse på partnerskap som strategi, der ei systematisk langsiktig satsing gjennom forpliktande samarbeide skal bidra til å løyse lokale og regionale folkehelseutfordringar. Regionalplan for folkehelse i Rogaland, vedteken i fylkestinget 11.12.2012 er saman med folkehelselova som trådte i kraft 01.01.2012 førande for Rogaland fylkeskommune sitt samarbeid i partnerskapet.

Partnerskap for folkehelse består av likeverdige aktørar-kommunar, frivillige organisasjonar og regionale statlege aktørar. Helse Fonna inngikk avtale om partnerskap med Rogaland fylkeskommune i 2014 og avtalen er nå revidert. Det er ingen vesentlege endringar i nytt framlegg til avtale, men det er presisert at deltaking i partnerskapet og fornying av partnerskapsavtalen, må forankrast med nytt vedtak i parten sitt styre.

Hovudformål med partnerskap for folkehelse er å samordna folkehelsearbeidet i fylket og bidra til å oppfylle hovudmålet i den nasjonale og regionale folkehelsepolitikken om å fremme god helse og jamne ut sosiale skilnadar. Ein partnerskapsavtale avtalefestar felles innsatsområde og innsatsfaktorar, noko som bidrar til synergjar og effektivt samarbeid.

Måla skal nåast ved mellom anna etablering av nettverk og møteplassar, utvikling av samhandlingskultur bygd på likeverd og lik språkforståing.

Avtalen sitt virkeområde er befolkningsretta arbeid med betydning for innbyggjarane i Rogalandskommunane i Helse Fonna HF, og/eller målgruppe-individretta tiltak for menneske i ulike livsfasar eller risikogrupper.

Føretaket har inngått lovpålagde samarbeidsavtalar med alle kommunane i Helse Fonna, ref. Samhandlingsreforma som tok til å virke 01.01.2012. Åtte av Helse Fonna kommunane høyrer til Rogaland fylke, og har alle inngått avtale om partnerskap med fylkeskommunen. Tenesteavtale 10 som er inngått mellom Helse Fonna og alle kommunane i Helse Fonna regionen omhandlar samarbeid om helsefremmande og førebyggjande arbeid. Etablering av faglege nettverk og kompetanseutveksling er viktige tiltak i samarbeidsavtalane, noko som er samanfallande med fylkeskommunen si satsing. Da både kommunane og Helse Fonna har partnerskapsavtale med Rogaland fylkeskommune, vil dette kunne gje synergieffektar i arbeidet med oppfølginga av dei lovpålagde samarbeidsavtalane.

Vedlegg

1. Partnerskapsavtale om folkehelse mellom Rogaland fylkeskommune og Helse Fonna HF
2. Tenesteavtale 10 - Samarbeid om helsefremmande og førebyggjande arbeid

Tenesteavtale 10

Mellom XX kommune og Helse Fonna HF

Samarbeid om folkehelse, førebygging og helsefremming

Innhold

1	Partane.....	3
2	Føremål	3
3	Verknadsområde	3
4	Lovgrunnlag.....	3
5	Plikter, oppgaver og ansvar.....	4
5.1	Kommunen sitt ansvar	4
5.2	Føretaket sitt ansvar	4
5.3	Felles ansvar	4
6	Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing	5

1 Partane

Denne avtalen er inngått mellom XXX kommune og Helse Fonna HF, heretter føretaket.

2 Føremål

Avtalen skal bidra til at verdiar, strategiar og standardar for førebyggjande og helsefremjande arbeid blir innarbeidd i partane sin organisasjon. Partane pliktar å samhandla på fagområdet.

3 Verknadsområde

Avtalen skal regulera samhandling og ansvarsavklaring mellom kommunen og føretaket om helsefremjande og førebyggjande arbeid.

Partane avgjer sjølv korleis dei internt organiserer arbeidet. Rutinar og prosedyrar for samhandlinga som følgjer av felles planar for arbeidet, er førande for partane.

Avtalen skal sjåast i samanheng med regionalplanane for folkehelse i Rogaland og Hordaland.

4 Lovgrunnlag

Særleg relevante lover:

- Lov om folkehelsearbeid (LOV-2011-06-24-29).
- Lov om spesialisthelseteneste (LOV-1999-07-02-61).
- Lov om smittevern (LOV-1994-08-05-55).
- Plan og bygningslova (LOV-2008-06-27-71).
- Pasientrettighetslova (LOV-1999-07-02-63).
- Helse- og omsorgstenestelova (LOV-2011-06-24-30).
- Lov om helsemessig og sosial beredskap (LOV-2000-06-23-56).

5 Plikter, oppgåver og ansvar

5.1 Kommunen sitt ansvar

- Ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verka inn på denne
- Fremja befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve
- Bidra til å førebyggja psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding
- Bidra til utjamning av sosial ulikskap i helse
- Bidra til å verna befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa
- Verna befolkninga mot smittsame sjukdommar ved å førebyggja dei og motverka overføring til befolkninga, samt motverka at slike sjukdommar blir ført inn i Norge eller ut av Norge til andre land
- Redusera og avdekka risiko og sårbarheit gjennom førebyggjande og skadeavgrensande tiltak
- Ha ein kontaktperson som er kjend for føretaket for barn som pårørandearbeid.
Kontaktpersonen skal:
 - ha oversikt over rutinar for ivaretaking av barn som pårørande
 - hjelpe vidare til rett person i kommunen

5.2 Føretaket sitt ansvar

- Bidra til å fremma folkehelsa og førebyggja sjukdom og skade
- Gi den kommunale helse- og omsorgstenesta råd, rettleiing og opplysningar om helsemessige tilhøve som er påkravd for at den skal kunna løysa sine oppgåver etter lov og forskrift
- Avdekka og redusera risiko og sårbarheit gjennom helsefremjande, førebyggjande og skadeavgrensande tiltak

5.3 Felles ansvar

- Samarbeida om kartlegging av status og utviklingsområde
- Samhandlingsutvalet (SU) har ansvar for å etablere fagleg nettverk. Nettverket skal fokusere på samheng i tenestane, kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling

- Nettverket skal laga årsplan/ handlingsplan, vurdere behov for rutinar, fagdagar osv.
- SU har ansvar for å peika ut kontaktpersonar til fagnettverket
- Myndiggjering og deltaking skal ligga til grunn for arbeidet

Samhandlingsområder

- helseovervaking, inkludert analyse av befolkninga sin helsetilstand og påverknadsfaktorar
- smittevern
- tiltak retta mot barn og unge
- førebyggjande arbeid retta mot eldre
- forskning- og utviklingsprosjekt
- kompetanseheving
- levevanar – sjukdommar som kan førebyggjast
- tiltak for å redusera sosial ulikhet i helse
- tiltak knytt til det lokale utfordringsbildet

Fagnettverket gir årleg innspel til oppdatering og justering av dei prioriterte områda over. Samhandlingsutvalet (SU) avgjer innhald og er ansvarleg for avtalerevisjon.

6 Handtering av avvik, evaluering, kvalitetsutvikling, usemje, tvist, misleghald, iverksetjing, revisjon og oppseiing

Desse tilhøva blir regulert i overordna avtale.

Avtalen gjeld frå signeringsdato og erstattar tidlegare utgåver av tenesteavtale 10.

Stad og dato:

.....

For XXX kommune:

.....

Stad og dato:

.....

For Helse Fonna HF:

.....

Avtale for partnerskap for folkehelse i Rogaland

1. Partar

Denne avtalen er inngått mellom Helse Fonna HF og Rogaland fylkeskommune. Partnerskap for folkehelse består av likeverdige aktører, deriblant kommunar, organisasjonar og regionale statlege aktører.

Det skrivs likelydande avtale mellom Helse Stavanger HF og Rogaland fylkeskommune.

2. Bakgrunn

Denne avtalen er ein revisjon av tidlegare avtalar og bygger på folkehelselova som trådde i kraft 01.01.2012, samt mål, strategiar og tiltak i Regionalplan for folkehelse i Rogaland, vedteken i fylkestinget 11.12.2012. Regionalplanen gjeld ut gjeldande planstrategiperiode (2017 – 2020).

Helse Fonna HF har òg inngått lovpålagte samarbeidsavtalar med alle kommunane i Helse Fonna HF, der åtte høyrer til Rogaland. (Tysvær, Haugesund, Vindafjord, Suldal, Sauda, Karmøy, Bokn og Utsira). Tenesteavtalane omhandlar mellom anna samarbeid om helsefremmande og førebyggjande arbeid (Delavtale 10) og forskning (Delavtale 7).

3. Forankring

Partnerskap for folkehelse i Rogaland blei oppretta i 2007 i samsvar med Handlingsplan for folkehelse 2006 – 2010, vedteken i fylkestinget 24.10.2006. Folkehelsepartnerskapet er også forankra i Regionalplan for folkehelse i Rogaland.

Deltaking i partnerskapet, og fornying av partnerskapsavtalen, må forankrast med nytt vedtak i parten sitt styre.

4. Rettskilder

Avtalen er regulert i blant anna følgande lovverk med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer:

- Lov om folkehelsearbeid (folkehelseloven)
- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Forskrift om miljøretta helsevern
- Forskrift om oversikt over folkehelsa
- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- Lov om spesialisthelsetenester
- Lov om psykisk helsevern
- Lov om smittevern
- Nasjonal rettleiar: Samhandlingsreforma – Lovpålagde samarbeidsavtalar mellom kommunar og regionale helseføretak

Lista er ikkje uttømmende.

5. Formål

Formålet med partnerskapet for folkehelse er å samordne folkehelsearbeidet i Rogaland og bidra til å oppfylle hovudmåla i den nasjonale og regionale folkehelsepolitikken. Hovudmåla er å fremme god helse og utjamne sosiale helseforskjellar.

Hensikta med avtalen er å styrke samarbeidet og konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom Helse Fonna HF og Rogaland fylkeskommune i det helsefremmande og førebyggjande arbeidet. Avtalen beskriv faste samarbeidsrutinar mellom partane og kva arbeidsmetodar som bør liggje til grunn for arbeidet i partnerskap for folkehelse i Rogaland.

Regionale føringar for samarbeidet:

Regionalplan for folkehelse i Rogaland er førande for arbeidet i partnerskapet. Hovudmåla i planen og for arbeidet i partnerskapet er:

- Fremme god helse og utjamne sosiale helseforskjellar.
- Sikre god politisk og administrativ forankring av folkehelsearbeidet.
- Drive eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Hovudstrategiane i planen og for arbeidet i partnerskapet er:

- Å skape støttande miljø for god helse på alle arenaer der folk ferdes og lev sine liv.
- Iverksette ein sunn helsepolitikk på alle nivå med politiske vedtak som viser tyngde og handlekraft i folkehelsearbeidet.
- Synleggjere helsefremmande og førebyggjande arbeid som ein sentral investeringsfaktor for vekst og utvikling.
- Sikre at folkehelsearbeidet rettes mot faktiske utfordringar og i tråd med tilgjengeleg kunnskap om kva tiltak som fungerer.
- Bidra til etablering av gode rutinar for evaluering av det regionale og lokale folkehelsearbeidet.
- Synleggjere behov for forskning og vera ein pådrivar for igangsetting av nye forskingsprosjekt knytt til regionalt og lokalt folkehelsearbeid i Rogaland.

Dei tre satsingsområda i folkehelseplanen er:

- Aktive og trygge lokalsamfunn – samfunns- og arealplanlegging
- Støttande miljø for psykisk helse
- Sunne levevanar

6. Tiltaksutforming og målgrupper i folkehelsearbeidet

Innsatsen i det førebyggjande og helsefremmande arbeidet bør prioritera tiltak retta mot heile befolkninga. Innsatsen bør rettes mot heile helseårsakskjeden til helsetilstanden, med spesielt fokus på dei grunnleggjande årsakene til helseforskjellene.

Les meir i [Helsedirektoratets prinsipper for tiltaksutforming](#)

7. Ansvar og oppgåvefordeling

Felles ansvar for fylkeskommunen og helseføretaka

- a. Partane har eit gjensidig ansvar for å gjere ny kunnskap om førebyggjande arbeid kjend for kvarandre.
- b. Bidra til at relevant statistikk blir innhenta og tatt med i oversiktsarbeidet.
- c. Ha fokus på sosial ulikskap i helse.
- d. Bidra til utvikling / forskning og samhandling av helsefremmande og førebyggjande tiltak.

Rogaland fylkeskommune sitt ansvar:

- a. Legge til rette for nettverksbygging, erfaringsutveksling og fagleg styrking av partnerane gjennom å arrangere årlege nettverkssamlingar og regionale møte.

- b. Følge opp Regionalplan for folkehelse i Rogaland.
- c. Formidle kunnskap og erfaringar om modellar og metodar innan folkehelsearbeidet.
- d. Gjennomføre årlege evalueringar av partnerskapet for å sikre at arbeidet er i tråd med utfordringsbiletet og partnerane sitt behov.
- e. Vidareutvikle ein elektronisk plattform med relevant informasjon om folkehelsearbeidet i Rogaland.

Helse Fonna HF sitt ansvar:

- a. Forankre folkehelsearbeidet og deltaking i partnerskapet i eigen organisasjon, med nytt styrevedtak.
- b. Formidle kunnskap og erfaringar om modellar og metodar innan folkehelsearbeid i samlingar med partnerskapet.
- c. Delta i faglege nettverk og kompetanseutveksling der det er aktuelt.
- d. Bidra i oversiktsarbeid med kartlegging og analyse av den generelle helsetilstanden og faktorar som verker inn på folkehelsa. (Ref. bl.a. www.samhandlingsbarometeret.no).
- e. Ha kunnskap om og kjennskap til det regionale utfordringsbiletet og gje anbefalingar om korleis og med kva tiltak lokale folkehelseutfordringar kan bli løyst. (Ref. bl.a. www.helseatlas.no).
- f. Formidle behov for forskning til lokale forskings- og utdanningsinstitusjonar.
- g. Overvake skader, ulykker, sjukdom og identifisere risiko for folkehelsa i føretaket sitt ansvarsområde.
- h. Bidra med informasjon til pasientar og pårørnde om helsefremmande og primærførebyggjande tiltak i lokalsamfunnet.
- i. Vere ein medspelar og ha ei viktig rolle i å identifisere og kartleggje tilstandar som kan førebyggjast.

8. Rapportering / dokumentasjon

Rogaland fylkeskommune utarbeider ein årleg politisk sak om det lokale folkehelsearbeidet som skal synleggjere resultat som blir oppnådd i partnerskapet. Saken bygger på en årleg undersøking til partnerane i partnerskapet. Helse Fonna HF blir invitert til å svare på undersøkinga for å synleggjere innsatsen og komme med innspel til arbeidet i partnerskapet.

9. Iverksetting og oppseiing av avtalen

Avtalen gjeld frå dato for signering og ut 2021. Avtalen varer eit år lengre enn inneverande planstrategiperiode for å sikre overlapp med neste periode. Avtalen kan seies opp etter skriftleg varsel frå ein av partane med 6 månaders varsel.

10. Reforhandling

Partane er innforstått med at lovendingar eller endra driftsføresetnadar kan føre til at avtalen kan bli reforhandla.

11. Tvist

Ved tvist i samanheng med avtalen skal dette primært bli løyst ved forhandlingar. Ved andre forhold gjelder lov om voldgift.

Sted, dato

Trond Nerdal

Fylkesrådmann, Rogaland fylkeskommune

Sted, dato

Olav Klausen

Administrerende direktør, Helse Fonna HF